

Årsrapport frå Barneombodet 2015



Innhald

I.	Rapport frå barneombodet	4
II.	Introduksjon til verksemda og hovudtal	5
	Organisasjonskart	5
	Utvalde volumtal	6
	Førespurnader og utsegner på brev og e-post.....	6
	Telefonførespurnader	6
	«Spør Barneombodet»	6
	Medieoppslag og sosiale media	7
	Uromeldingar til barnevernet	8
	Bruk av innsynsretten.....	8
	Krav om tilsyn	9
	Høyringsvar frå Barneombodet	9
	Informasjonsarbeid/foredrag/publikasjonar	9
	Fråsegner til offentlege myndigheiter.....	9
	Tal på begynte og gjennomførte fagprosjekt.....	10
	Innspel til offentlege utval.....	11
	Notat til Stortinget	11
III.	Rapportering på mål for verksemda 2015.....	11
	Samla vurdering av resultat.....	15
	Nærmare omtale av bruk av verkemidlar	15
IV.	Styring og kontroll av verksemda	16
	Den overordna vurdering av styring og kontroll i verksemda.....	16
	Nærmare omtale av forhold knytt til styring og kontroll av verksemda.....	16
	Kompetansetiltak hos Barneombodet	16
	Arkiv.....	17
	Økonomistyring	17
	Forhold departementet har bedt Barneombodet om særskild rapportering på	18
	Tidstjuvar	18
	Risikovurderingar.....	19
	Personalforvaltning og internkontroll	20
	IA-avtalen og sjukefråvær	21
	Aktivitets- og greigjeringsplikter	21
	HMS/arbeidsmiljø.....	22

Sosiale omsyn i offentlege innkjøp og avtalar.....	22
Sikkerheit og beredskap	22
Informasjonssikkerheit	23
Rutinar for varsling	24
V. Vurdering av framtidsutsikter	24
VI. Årsrekneskap	25
Kommentar frå barneombodet til årsrekneskapen 2015.....	25
Føremål.....	25
Stadfesting.....	25
Vurdering av vesentlige forhold	25
Tilleggsopplysningar	26
Prinsippnote til årsrekneskapen 2015.....	27
Bevillingsrapporteringa	27
Artskontorapporteringa	28

I. Rapport frå barneombodet

2015 vart eit nytt spennande år for Barneombodet. Vi gjennomførte vårt andre fagprosjekt, «Grenselaus omsorg». Rapporten frå Barneombodet handlar om nokre av dei aller mest sårbare barna, dei som blir utsette for bruk av tvang på institusjon og i fosterheim. Fagrapporten vart tatt godt imot, og myndigheitene er allereie i gang med å følgje opp anbefalingane våre.

Viktige fagområde i 2015 har vore helse, vald og overgrep mot barn, psykososialt skulemiljø og barn i barnevernet. Totalt har Barneombodet nådd mange av dei faglege måla vi sette oss for året, og arbeidd med ei rekkje viktige saker for barn og unge. Som eit resultat av vår påverknad har Helse- og omsorgsdepartementet blant anna løyvd 300 millionar ekstra til helsestasjons- og skulehelsetenesta, og 100 millionar av desse vart øyremerka. Familievernet fekk også tilført fleire midlar. I tillegg er vi komne eit stort steg lengre for å sikre rettstryggleik for barn som har opplevd vald eller overgrep.

Resultatet for året er eit noko mindre forbruk enn venta. Den samla ressursbruken var i 2015 innanfor godkjend bevilling. Barneombodet hadde eit mindreforbruk på kr 529.249,-. For nærmare detaljar viser vi til del VI.

Pensjon, permisjon og endringar i arbeidsoppgåver førte til nye tilsettingar på slutten av 2015, og vi har i ein periode opplevd å ha for få hender på kontoret. Dette har ført til at noko arbeid har blitt forskuva inn i 2016.

I 2015 har vi arbeidd mykje med personalreglementet, rutinar for tilsettingar og gjennomføring av arbeidsmiljøundersøkingar og medarbeidarsamtalar. Det er ei glede for meg å kunne slå fast at tilsette og leiinga hos Barneombodet på ein særskild måte har bidratt til dei gode resultatane vi har oppnådd for året.

Oslo, 1. mars 2016




Anne Lindboe
barneombod

II. Introduksjon til verksemda og hovudtal

Det går fram av lov om barneombod at Barneombodet sine overordna oppgåver er å fremje barn sine interesser i samfunnet, og følgje med på om lovverket, forvaltinga og rettspraksisen samsvarar med dei pliktene Noreg har etter FNs konvensjon om barnrettane. Barneombodet skal etter instruks § 8 kvart år rapportere til Barne,- likestillings- og inkluderingsdepartementet om verksemda i det føregåande året. Organisasjonskartet er ikkje endra sidan 2014, men i staden for ein permanent nestleiar har fagsjefen fått oppgåva med å være avløyssar for barneombodet.

Organisasjonskart



Utvalde volumtal

Førespurnader og utsegner på brev og e-post

Barneombodet fekk i 2015 inn 3262 førespurnader på brev og e-post, mens vi sende ut 1846 brev og e-postar. I alt har vi tatt i mot og ekspedert 5108 brev og e-postar. Målet er som alltid å redusere talet på førespurnader inn til kontoret, ved blant anna å lage betre informasjon på nettsida vår. Vi er framleis ikkje nøgde med at talet på førespurnader er så høgt, fordi vi ser at fagrådgjevarane bruker mykje tid på å svare på desse.

Dokument	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Inngåande dokument	3403	3258	3560	4077	3374	2796	3262
Utgåande dokument	2005	2155	2142	2413	2132	1757	1846
Total mengde dokument	5408	5413	5702	6490	5506	4553	5108

Telefonførespurnader

I 2015 vart det registrert 3680 telefonar inn til sentralbordet vårt. Nokre av telefonane førte til skriftlig oppfølging frå rådsgjevarane våre. Resten fekk eit kort svar eller vart vist vidare til andre instansar. Vi har framleis ein telefonbeskjed på sentralbordet som oppmodar vaksne privatpersonar om å skrive e-post eller brev til Barneombodet i staden for å ringe.

«Spør Barneombodet»

«Spør Barneombodet» har blitt ei viktig teneste hos oss, og er høgt prioritert. Vi har no laga ei turnusordning, slik at alle fagrådsgjevarane og kommunikasjonsavdelinga svarer på omgang, noko som fungerer fint. I 2015 fekk vi 1514 spørsmål frå barn på nett, og alle fekk svar frå oss, helst same dag eller dagen etter.

Meldingane fordelte seg på kategoriar på denne måten:

Område	2013
Familie	30
Barn og unge sine rettar	36
Foreldre som ikkje bur saman	30
Kva bestemmer foreldre?	33
Skule	109
Mobbing	18
Fritidsaktivitetar	3
Pengar og jobb	10

Venner	3
Helse	9
Psykisk helse	11
Rus, dop, røyking og alkohol	2
Vald og overgrep	12
Bilete, internett og media	6
Medverknad og påverknad	2
Barnevern	36
Andre meldingar	8
Meldingar etter ny nettside	480
Sum	1036

2014 - nye stikkord	2014	2015
Familie	193	111
Rettigheter	147	115
Foreldre som ikkje bur saman	73	72
Kven bestemmer?	57	76
Skule	292	287
Mobbing	96	104
Flytte heimefrå	49	26
Økonomi og pengar	49	67
Venner/kjærestar	50	60
Psykisk og fysisk helse	65	123
Privatliv	61	21
Samvær	49	18
Vald	62	41
Mobil, internett og sosiale media	73	172
Bli høyrte	56	56
Barnevern	73	121
Følelsar	35	44
	1480	1514

Medieoppslag og sosiale media

I 2015 vart Barneombodet omtalt i totalt 1697 medietreff. 641 av desse var på papir, 1026 på nett og 30 på tv/radio.

Barneombodet brukar Retriever som verktøy for medieovervaking.

Medieoppslag					
Årstal	2011	2012	2013	2014	2015
Tal på oppslag	1961	2046	2874	2199	1697
Nett			1818	1445	1026

Papir			1030	729	641
Tv/radio*			26	25	30

*Søkemotoren er framleis for smal til å få tak i alle tv/radiooppslag i distriktssendingar, så talet er for lågt.

Medieoppslag fordelt på nokre utvalde søkeord:

Barneombodet mobbing	502 treff
Barneombodet tvang	86 treff
Barneombodet vald	299 treff
Barneombodet skulehelsetenesta	95 treff
Barneombodet og asylsøkjjarar	145 treff

Barneombodet har ei eiga Facebookside, og per 31.12.15 har vi 15 473 personar som «likar» oss på Facebook. Vi er også på Twitter og Instagram.

I 2015 held vi fram med planen vår for å nå Språkrådet sitt krav om 25 % nynorsk i vår kommunikasjon til allmennheita. Vi har no ein nynorskprosent på 30,9% på korte tekstar, 9,7% for tekstar på nett, 25,7% på lange tekstar og 25,4% på sosiale media. Ein av medarbeidarane våre har vore på nynorsk kurs i 2015. Språkrådet si tilbakemelding etter rapporteringa for 2015 var at vi held fram med å gjere eit godt arbeid, men at vi må jobbe vidare med strategiar for å auke nynorskprosenten på nettsida vår.

Uromeldingar til barnevernet

Barneombodet sende 4 uromeldingar til barnevernet i 2015. Som offentleg meldar får vi tilbakemelding om korleis innmelde saker blir fylgde opp. I tillegg kontakta vi politiet to gonger, ein gong i samband med ei førespurnad frå eit born og ei formell politimelding om eit trdomssamfunn som oppmoda til vald mot born.

Uromeldingar til barnevernet					
Årstal	2011	2012	2013	2014	2015
Tal på uromeldingar	12	11	7	5	4

Bruk av innsynsretten

Barneombodet sende inn krav om innsyn i 213 saker i 2015. Krav om innsyn blir vurdert etter rutineane til Barneombodet. Talet i 2015 var høgt, fordi vi kravde innsyn i ei rekkje saker i samband med prosjektet «Grenselaus omsorg - bruk av tvang mot barn i barnevern og psykisk helsevern.» Innsynet gjaldt tvangsprotokollar i barnevern og psykisk helsevern, og klager på vedtak.

Krav om innsyn					
Årstal	2011	2012	2013	2014	2015
Tal på innsynskrav	5	7	33	6	213

Krav om tilsyn

Barneombodet meiner tala kan seie noko om offentleg saksbehandling av saker om barn, og våre vurderingar av denne. I 2015 bad vi fylkesmenn om å føre tilsyn med sine kommunar i 3 saker.

Krav om tilsyn		
Årstal	2014	2015
Tal på tilsynskrav	6	3

Høyringsvar frå Barneombodet

Barneombodet leverte skriftlege 28 høyringsvar i 2015. Her er nokre av dei viktigaste:

- Endring i kvalitetsforskrifta - forslag om heimel til å gi dispensasjon i krava i kvalitetsforskrifta i ekstraordinære situasjonar i barnevernet
- Endringar i utlendingsforskrifta - barn med lang opphaldstid i Norge som vart tvangsreturnert i 2014-2015
- NOU 2014: 8 Tolking i offentlig sektor - et spørsmål om rettssikkerhet og likeverd.
- Utredning av behovet for et utvidet vern mot diskriminering på grunn av alder
- Endringer i reglene om rett til pleiepengar ved syke barn
- Djupedalutvalget NOU 2015:2 Å høre til. Virkemidler for et trygt psykososialt skolemiljø
- Forslag til endringer i barneloven for å fremme likestilt foreldreskap

Informasjonsarbeid/foredrag/publikasjonar

Barneombodet heldt 85 foredrag i 2015. Ein stor del av Barneombodet sitt informasjonsarbeid er opplæring i barnerettane for ulike faggrupper. Anne Lindboe har også prioritert å halde fleire foredrag i samband med rapporten «Grenseløs omsorg - om bruk av tvang mot barn i barnevern og psykisk helsevern.»

I 2015 lanserte vi vår nye fagblogg, og vi har fått fast spalte i Aftenposten junior, der vi svarar på spørsmål om barnerettane.

Fråsegner til offentlege myndigheiter

Barneombodet systematiserer utsendinga av brev til offentlege myndigheiter. I disse breva gir vi uttrykk for synspunkta våre og uroa vår for korleis barn blir varetatt innanfor ulike

sektorar av samfunnet. Slik sett er dei ein del av rapporteringskategorien «fråsegner frå Barneombodet». Alle breva er publisert på nettsidene våre. I tillegg til breva nedanfor skreiv vi 146 brev til offentlege myndigheiter med konkrete anbefalingar då vi lanserte rapporten «Grenseløs omsorg - om bruk av tvang mot barn i barnevern og psykisk helsevern.»

Brev til offentlege myndigheiter				
2011	2012	2013	2014	2015
14	22	21	15	16

	Tema	Mottakar
1.	Retten til spesialundervisning	Utdanningsdirektoratet
2.	Innspel frå Barneombudet sitt ungdomspanel til familiepolitikken	BLD
3.	Vedtak for barn og unge etter lov om psykisk helsevern kapittel 4	HOD
4.	Trussamfunna si oppfølging av barn som har opplevd vald og overgrep	Kulturdepartementet
5.	Politiet si oppfølging av mistankar om alvorleg vald eller seksuelle overgrep mot barn	Riksadvokaten
6.	Forholda ved mottak og registrering av einslege asylsøkjjarar under 18 år	Politiets utlendingsenhet
7.	Organisering og finansiering av tilbod i sosialpediatrien	HOD
8.	Uro for forholda i mottak og helsehjelp til barn som søker asyl i Noreg	JBD, HOD og Stortinget
9.	Rutinar for å vurdere alder på einslege asylsøkjjarar under 18 år	Utlendingsdirektoratet
10.	Regjeringa må sikre at menneske på flukt blir møtt på ei verdig måte	JBD
11.	Informasjon om barn i politiarrest	Politidirektoratet
12.	Internering av barn	JPD
13.	Helgestengte barneavdelingar	Helse Møre og Romsdal
14.	Barn i politireformen	JPD og Politidirektoratet
15.	Anmeldelse av Kilden menighet	Rogaland politidistrikt
16.	Oppfølging av henvendelse- omskjæring av guttebarn	HOD

Tal på begynte og gjennomførte fagprosjekt

I 2015 starta og gjennomførte Barneombodet tre prosjekt:

- a) Tvang mot barn i psykisk helsevern og barnevern 2014-2015
- b) Økt gjennomslag for barns rettigheter 2014-2015
- c) Barn med funksjonsnedsettingar 2015-2017

Prosjekta blir nærmare skildra under punkt III. I alle prosjekta har vi brukt prosjektstyringsverktøy med risikohandsaming, og hatt tett oppfølging frå leiinga.

Innspel til offentlege utval

I 2015 ga Barneombodet innspel til nasjonal helse- og sjukehusplan og barnevernslovutvalet. I tillegg ga ungdomspanelet vårt innspel til barne- og ungdomspolitikken framover.

Notat til Stortinget

Barneombodet publiserer alle notat som blir levert til komiteane på Stortinget i samband med blant anna munnlege høyringar. Følgjande notat vart gitt frå oss i 2015:

- Lovfesting av ungdomsråd
- Politireformen og solide etterforskningsmiljø
- Arbeid mot vold - KrFs forslag 8:54
- Pålagte hjelpetiltak i barnevernet
- Høring på Folkehelsemeldingen
- Avhør av barn
- Skolehelsetjenesten - øremerking av midler
- Barnepolitiske anbefalinger til de politiske partiene

Notata ligg også på nettsidene våre.

III. Rapportering på mål for verksemda 2015

Mål og strategiar for 2015 vart rapportert inn til BLD mai 2014.

Faglige mål

1. Barn med funksjonsnedsettelser gis et verdig liv og tilrettelagt tilbud uansett hvor de bor (mål 8)

Barneombudet vil se nærmere på rettigheter for barn med funksjonsnedsettelser i 2015. Dette blir faglig hovedfokus i 2015 og det blir også det feltet vi rapporterer på til myndighetene.

Barneombodet starta opp arbeidet med prosjektet i 2015, men måtte av ulike årsaker forskuве prosjektet til 2016, med planlagt lansering av rapport i april 2017. Hovudårsaka til at arbeidet vart forsinka, var at prosjektet om tvangsbruk mot barn tok lengre tid enn forventa å gjennomføre, i tillegg til at utskifting av personale gjorde prosjektgruppa veldig liten heile hausten 2015. Prosjektet er utforma slik at vi har barn med nedsett funksjonsevne som hovudfokus ved heile kontoret i 2016. Rapporten vi skal skrive, vil ta føre seg barn med nedsett funksjonsevne sin rett til spesialundervisning, og vi vil sjå nærare på om denne retten blir oppfylt.

2. Barn kjenner til barnekonvensjonen og Barneombudet (mål 2)

Barneombudet fortsetter i 2015 prosjekt «barneombuss», der Anne Lindboe reiser rundt i landet og besøker skoler. Hun har med seg et skoleopplegg der hun informerer om barnekonvensjonen og Barneombudet. Prosjektet ble startet som en pilot i 2013 og skal foregå hele Anne Lindboes periode som barneombud. Barneombudet vil også foreta en revitalisering av deltakelse av barn og unge i vårt arbeid i 2015. Vi vil etablere et jevnlig nasjonalt ungdomspanel/samling med ungdom for å få deres stemme inn både til vårt eget arbeid, og til nasjonale myndigheter.

Barneombussen besøkte tre fylker i 2015, og vi har møtt til saman 1167 elevar på 18 skular.

Barneombudet har i 2015 gjort ei grundig vurdering av om vi skulle opprette et barnepanel, for å få inn fleire barnestemmer i arbeidet vårt. Vi konkluderte med at vi heller ynskjer å starte fleire ekspertgrupper av barn med ulike erfaringar som kan gje oss gode anbefalingar om ulike tema til vårt eige arbeid og til myndigheitene.

Vi har også utvikla eit kurs om korleis ein kan involvere barn og unge meir i stat, fylke og kommune. Dette kurset har vi gjennomført 4 gonger i 2015, og vi har sett i gang eit arbeid med å involvere barn og unge i rapporteringa til FNs barnekomité i 2017.

3. Alle barn i Norge får oppfylt sin rett til utdanning i en trygg og inkluderende skole (mål 10)

Barneombudet vil fortsette det viktige arbeidet med psykososialt skolemiljø. Særlig fokus vil være lovendringer, elevmedvirkning, fylkesmennenes mandat og praksis.

Gjennom heile året har Barneombudet arbeidd med mobbing og krenkingar i skolen på tre måtar:

- Vi har gitt rettleiing i enkeltsaker.
- Vi har deltatt med innspel i faglige diskusjonar og offentleg debatt.
- Vi har arbeidd for å få fram barn og unge sine egne erfaringar og råd om korleis ein kan stanse mobbing og krenkingar i skulen.

Barneombudet fekk 250 nye skriftlege førespurnader om skule og barnehage i brev eller på e-post i 2015, 100 av desse var om mobbing. Vi fekk også 287 spørsmål om skule frå barn og unge via spørjetenesta «Spør Barneombudet». Mange av desse handlar anten direkte eller indirekte om retten til eit godt skulemiljø, 104 var direkte om mobbing. I tillegg til dette kjem telefonsamtaler til kontoret og direkte møter med barn og unge på skular vi har besøkt med «Barneombussen».

Innstillinga frå Djupedalutvalet kom den 18. mars 2015. I rapporten vart det fremja mange forslag, blant anna at Barneombudet skal bli nasjonal klageinstans for mobbesaker. Barneombudet meiner også det må opprettast ein nasjonal behandlingstans for mobbesaker, men vi tar ikkje stilling til kor denne skal liggje. Vi har gitt høyrings svar på

rapporten, og har lagt til rette for at barn og unge i vår ekspertgruppe om mobbing har laga sitt eige høyringssvar. Ekspertgruppa har også møtt kunnskapsministeren og politikarar på Stortinget.

Gjennom året har Barneombudet halde mange foredrag om skulemiljø. Av desse kan vi nemne

- opplæring av alle beredskapsteam mot mobbing
- deltaking på alle høyringskonferansar om rapporten frå Djupedalutvalet
- opplæring i barnekonvensjonen for Utdanningsdirektoratet og for ei rekke fylkesmenn

Vi har også deltatt i ressursgruppa til Læringsmiljøsentret.

I 2015 - som i 2014 og 2013 – skal vi lage ein eigen rapport til Kunnskapsdepartementet som også vil bli sendt til BLD.

4. Barn utsettes ikke for ulovlig tvang i noen offentlig institusjon (mål 13)

Barneombudet vil komme med anbefalinger i prosjekt 2014-2015 om bruk av tvang mot barn i barnevern og psykisk helsevern. Vi vil også arbeide med å få gjennomslag for disse anbefalingene ut året.

Fagrapporten frå Barneombudet «Grenseløs omsorg - om bruk av tvang i barnevern og psykisk helsevern» vart lansert 22. september 2015. I rapporten kjem vi med ei rekke anbefalingar til offentlege myndigheiter. Blant desse var

- ein gjennomgang av reglane i lov om psykisk helsevern for å sikre barn sine rettar betre
- meir kjennskap om kor mykje tvang som vert brukt mot barn, og meir forskning om bruken av tvang i psykisk helsevern
- auka krav til fagleg kompetanse for tilsette i barnevernsinstitusjonar
- felles institusjonar for barn med samansette behov
- betre klagesystem for barn som blir utsette for tvang i både barnevern og psykisk helsevern

Vi arbeider vidare i 2016 med å få gjennom disse anbefalingane.

5. Barn i risiko for, eller som er utsatt for vold og overgrep møter et system som ser, følger opp og gir god behandling (mål 7)

Barneombudet vil promotere og arbeide for å få gjennomslag for våre anbefalinger om tiltak for å redusere vold mot barn gjennom hele 2015.

I 2015 har Barneombodet gjort særleg mykje arbeid i samband med politireforma. Vårt standpunkt har vore at etterforsking av vald og overgrep mot barn er for lite prioritert, og at politireforma må sikre at desse sakane blir løfta fram og behandla på ein meir kompetent og effektiv måte. I 2015 kom det også ei endring i straffeprosesslova som Barneombodet har arbeidd lenge for. Dei tidlegare dommaravhøyra er no overført til politiet, og skal gjennomførast på barnehusa.

Barneombodet har kravd ein opptrappingsplan mot vald og overgrep mot barn på lik linje med opptrappingsplanen for psykisk helse. Ein slik opptrappingsplan er no vedtatt av Stortinget.

Med bakgrunn i ønsket om å styrke rettstryggleiken til barn har vi foreslått at AMK (ambulansetenesta) skal behandle uventa barnedødsfall på lik måte som når større barn eller vaksne dør. I tildelingsbrevet til Helsedirektoratet frå HOD står det no at rundskrivet som før gjaldt om at barnet først skulle fraktast til sjukehus, skal opphevast. Politiet skal heretter få melding frå AMK først. Vi håpar og trur at dette vil bety mykje for rettstryggleiken til døde barn.

Barneombodet har også arbeidd for å sikre at barnevernet får moglegheit til å påleggje fleire hjelpetiltak. Vi veit at barnevernet slit med å hjelpe barn i familiar der foreldra motset seg hjelp. Vi meiner at barnevernet difor må få større moglegheit til å sette i gang tiltak i familiar, sjølv om foreldra ikkje vil. Dette er no vedtatt av Stortinget.

Temaet vald og overgrep skal no inn i utdanninga til alle barnehagelærar og lærarstudentar, etter påtrykk frå mellom anna Barneombodet.

6. Barns rettigheter internasjonalt er styrket gjennom Barneombudets engasjement (mål 20)
Barneombudet setter 1.8 2014 i gang et prosjekt for å promotere barneombud og barns rettigheter internasjonalt. Forprosjektet vil vare til 1.11.2015.

Forprosjektet vart avslutta i november 2015. Vi skreiv ein prosjektrapport til DU, der vi skildra vårt arbeid med Malawi, Nepal, Tunisia og Vietnam, og fekk midlar til å forsette prosjektet. I første omgang har vi midlar ut 2016.

Anna fagarbeid

I tillegg til det vi har nemnt ovanfor, vil Barneombodet halde fram med å arbeide for å få gjennom anbefalingane frå fagrapporten «Helse på barns premisser», hovudprosjektet i 2013, og anbefalingane i rapporten «Barnets stemme stilner i stormen - en bedre prosess for barn i konfliktfylte samlivsbrudd» frå 2012. Vi vil også begynne arbeidet med å skrive vår supplerande rapport til FNs barnekomité i forbindelse med Noregs neste rapportering til komiteen.

Oppfølginga av «Helse på barns premisser» har i 2015 ført til at den nasjonale helse- og sjukehusplanen no stiller krav om at alle helseføretak skal etablere ungdomsråd. I tillegg har det kome inn i oppdragsbrev til helseføretaka at det skal vere sosialpediatrar på alle barneavdelingane, og at alle barn skal få medisinsk undersøking på barnehusa. Dette er viktige endringar for å sikre barn rettstryggleik ved mistanke om vald eller overgrep. Vi har også fått gjennomslag for meir pengar til skulehelsetenesta på statsbudsjettet, der 100 millionar er øyremarka.

Vårt fokus i oppfølginga av rapporten «Barnets stemme» i 2015 har framleis vore å få familievernet til å gi tilbod om eigen time til barn ved mekling etter samlivsbrot. I budsjettforhandlingane vart det gitt fleire midlar til familievernet for 2016. I tillegg er det no fleire barn som blir høyrte på familievernkontora når foreldra går frå kvarandre. To viktige endringar i lovverket kom også i 2015: Domaren må no gje barnet ei tilbakemelding på utfallet av ei retts sak mellom foreldra om samvær med barnet. I tillegg får begge partar i saka no tilgang til fri sakførsel. Desse endringane har Barneombodet initiert.

Samla vurdering av resultat

2015 har vore nok eit hektisk år for Barneombodet. Vi lanserte vår andre store prosjektrapport, og har brukt mykje tid på å få implementert anbefalingane frå både denne rapporten og tidlegare rapportar. Mobbing - eller psykososialt skulemiljø - har også vore eit sentralt arbeidsområde for oss i 2015. Barneombodet har fått mykje merksemd, ikkje minst i samband med rapporten frå Djupedalutvalet. Vi har fått gjennom viktige endringar for barn, både i lovverk, retningslinjer og budsjett. Vi opplever å bli sett på som truverdige, både hos dei som tar avgjerder og i befolkninga generelt.

Nærmare omtale av bruk av verkemidler

Arbeidsmetodane til Barneombodet er i hovudsak å

- kommunisere direkte med barn og unge og formidle deira synspunkt og anbefalingar, og arbeide for å auke medverknaden frå barn og unge i samfunnet generelt
- drive informasjonsverksemd om barnerettane gjennom foredrag og ulike media
- gi råd og informasjon til personar som tar direkte kontakt med oss
- jobbe prosjektbasert med prioriterte område, der vi ser at det er behov for styrking av barnerettane
- be om innsyn i enkeltsaker for å vise generelle utfordringar for barn, og eventuelt sikre barnerettane i den enkelte saka
- gi innspel til offentleg nedsette utval
- svare på høyringar i samband med lovendringar som betyr noko for barn og unge

I 2015 har vi avslutta innsatsen for å synleggjere anbefalingane våre, og gi god informasjon til avgjerdestakarar gjennom prosjektet «Økt gjennomslag for barns rettigheter.»

Anbefalingane frå er no implementert i heile Barneombodet. Bakgrunnen for at vi sette i gang dette prosjektet, var eit ønskje om å gi god informasjon til dei som skal ta avgjerder på vegner av barn. Arbeidet gjer at vi har blitt meir aktive opp mot Stortinget og politikarar. Etersom Barneombodet er politisk nøytralt, lagar vi alltid skriftleg informasjon som er tilgjengeleg på nettsida vår, slik at vi sikrar at alle får lik informasjon frå oss. Sjå også det som er skrive under Notat til Stortinget.

IV. Styring og kontroll av verksemda

Den overordna vurdering av styring og kontroll i verksemda

Barneombodet nyttar mål- og resultatstyring som eit grunnleggjande prinsipp for styring. Vi viser til at ein høg prosent av måla er nådd, jf. Del I og III.

I løpet av dei siste åra har vi arbeidd for å bygge opp eit føremålstenleg system for heilskapleg styring og kontroll, basert på mellom anna DFØ sine metodar. Den årlege vurderinga av risiko viser ikkje eit kritisk bilete, men vi har framleis nokre utfordringar som vi må arbeide vidare med.

Den årlege gjennomgangen av status på styring og kontroll hos Barneombodet viser at system, rutinar og prosessar for det meste fungerer godt. Vi har halde fram arbeidet med å skrive ned rutinar i 2015, og å implementere disse. Dette gjeld både innanfor økonomi og på arkivområdet. Arbeidet med å skrive ned rutinane på arkivområdet må gå vidare i 2016. Dette heng saman med at arkivprosjektet blir vidareført i 2016. Ein sentral arbeidsmåte i arkivprosjektet i slutten av 2015 har vore å involvera fagrådgjevarane i arbeidet med å utarbeide betre rutinar for saksbehandling og dokumentbevaring.

Vurderingar og gjennomgang i 2015 er gjort med hovudvekt på å vurdere

- verksemda si evne til å nå dei måla vi har sett oss, og som er i tråd med samfunnsoppdraget vårt
- verksemda si evne til å oppfylle overordna krav om effektiv bruk av ressursar
- om sentrale risikoar er innanfor akseptert nivå

Nærmare omtale av forhold knytt til styring og kontroll av verksemda

Kompetansetiltak hos Barneombodet

Tiltaka i plan for kompetanseutvikling for perioden 2015 – 2017 er noko justert i 2015. Vi har drøfta eit behov for ein revisjon av planen. Ein revisjon er planlagt gjennomført i 2016. Ei rekke av tiltaka i planen er likevel gjennomførde. Dette gjeld både faglege kurs for

rådgjevarane og naudsynte kurs i samband med arkivprosjektet. Leiinga har også gjennomført planlagt rettleiing med ein organisasjonspsykolog. Dette vart gjort i samband med undersøking av arbeidsmiljøet hos Barneombodet. I tillegg til rettleiing og eksterne kurs, har vi hatt fleire interne faglunsjar. Dette er korte faglege innspel i kvardagen frå enten eigne folk eller eksterne. Samla sett er vi nøgde med å ha ein plan for kompetanseheving, sjølv om noko må reviderast i 2016.

Arkiv

I 2014 starta vi eit stort arkivprosjekt hos Barneombodet. Prosjektet skulle etter planen gå fram mot 2016/17. Fordi det av økonomiske årsaker ikkje er mogleg for oss å kjøpe større eksterne tenester, må prosjektet sannsynlegvis gå fram mot 2017/18. Vi kjøper noko rettleiing til prosjektgruppa frå Asta AS og Software Innovation. Føremålet med prosjektet er som tidlegare omtala både å få på plass ein arkivplan og ein bevarings- og kassasjonsplan, og å periodisere det elektroniske arkivet, slik at vi kan starte på ny frisk med ein moderne, funksjonsbasert arkivnøkkel. Vi ynskjer også å avlevere den eldste delen av papirarkivet når Riksarkivet opnar for dette igjen. Eit viktig mål på vegen er å få på plass betre arkiv- og saksbehandlingsrutinar. Vi er i gang med å involvere dei tilsette i arbeidet med å få oversikt over dei forskjellige arbeidsprosessane på kontoret, gjennom arbeid i grupper. Dette er viktig for at dei skal kunne komme med innspel i arbeidet med rutinane, og også få betre forståing for nytten av eit godt arkivsystem og større eigarskap til prosjektet.

I 2015 prioriterte vi å vidareutvikle arkivkompetansen i prosjektgruppa gjennom forskjellige typar arkivkurs, og ein arkivmedarbeidar hospiterte nokre dagar i arkivet hos BLD. Vi har også oppgradert saksbehandlingssystemet Public 360 til siste versjon. Dette var eit stort økonomisk løft, men var naudsynt for å kunne effektivisere arbeidet med dokumentfangsten. Etter opp graderinga hausten 2015 prioriterte vi opplæring av alle tilsette, og vi vil halde fram med å kurse dei tilsette i ulike finessar i systemet også i 2016.

I årsrapporten for 2014 skreiv Barneombodet at vi må innføre sikker digital post i 2016. Vi hadde i fjor haust eit møte med Difi, der det vart avklara at vi er fritekne frå å innføre sikker digital post i denne omgang. Dette er hovudsakleg fordi vi sender ut eit relativt lite volum brevpost for året. I tillegg er barn og unge den fremste målgruppa til Barneombodet, og Difi har enno ikkje funne ei tilfredsstillande løysing på sikker digital post til dei yngre barna.

Økonomistyring

Ein mindre del av drifta hos Barneombodet blir finansiert av andre departement enn BLD (KD og UD). Desse eksterne midlane blir i all hovudsak brukt til lønns- og reisekostnader, mens ordinære budsjettmidlar dekker alle kontorutgifter, husleige, IKT, investeringar mm, også for ovannemnte eksterne prosjekt i tillegg til lønn og reiser og kontordrift av

«kjerneverksemda». Det vi peikar på her, gjev Barneombodet ei utfordring i tida framover. Dette bety at alle auka faste kostnader må dekkast av midlane frå eige departement.

Som ein del av den auka satsinga på det psykososiale skulemiljøet, som de seinare åra er gjort mogleg gjennom KD-midlane, har vi i 2015 dekkat reisekostnader ved å invitere barn til møter i våre lokale. Vi har også hatt kostnader med å distribuere rettighetsplakatar til skular over heile landet.

Hausten 2015 avslutta vi forprosjektet som var finansiert av belastningsfullmakt frå Utanriksdepartementet, og vi starta opp hovudprosjektet som i første omgang varer ut 2016. Her har vi i tillegg til å dekke lønns- og reisekostnader, også utarbeidd noko informasjonsmateriell på engelsk.

Barneombodet fekk hausten 2015 ei belastningsfullmakt frå Likestillings- og diskrimineringsnemnda, for å kunne yte bistand i ein 20 % stilling knytt til oppgåver innan økonomi og lønn, og rettleiing til tilsette.

Forhold departementet har bedt Barneombodet om særskild rapportering på

Tidstjuvar

Barneombodet arbeider framleis kontinuerleg med å fjerne eller redusere interne tidstjuvar. I 2015 gjeld dette tiltak for å styre aktive prosjekt på ein effektiv måte gjennom prosjektstyringsverktøy, å effektivisere møteverksemda til leiinga, å kontinuerleg vurdere om ulike interne møter er naudsynte, og å gjennomføre tiltak for å betre flyten i sakshandsaminga.

I møte med departementet har vi orientert om arbeid med tidstjuvar i eigen organisasjon som har konsekvensar for brukarane. Sjølv om det ikkje er avklart om Barneombodet som verksemd kan seiast å ha «brukarar», har det vore viktig for oss å sjå på gode tiltak for å frigjere tid. Dette er tid som går med til arbeid som ikkje er naudsynt for at Barneombodet skal kunne fylle si samfunnsoppgåve. I 2015 har desse områda vore viktige for å fjerne tidstjuvar i eigen organisasjon:

- Omorganisering av arbeidet med tenesta Spør Barneombodet.
- Intern kommunikasjon og vidareutvikling av intranett.
- Intern møteverksemd, redusere møtetida.
- Ekstern møteverksemd, gjere møta meir handlingsorienterte.
- Forbetre arkivkunnskapen.

Ei evaluering av omorganiseringa av spørjetenesta Spør Barneombodet syner at dei tilsette er nøgde med ordninga, men at det er behov for nokre endringar. Kor mykje tid vi sparar på

den nye organiseringa er uklart, men vi meiner ei turnusordning er meir effektivt for rådgjevarane i kvardagen. Den gjer at dei kan jobbe meir konsentrert med andre oppgåver i dei vekene dei ikkje må svare på spørsmål til Spør Barneombodet. Den bidreg og til at fagrådgjevarane får meir kunnskap om andre fagfelt, noko som gjer oss mindre sårbare.

Vi har fortsett arbeidet med å gjere intern kommunikasjon og interne møter meir effektive. Dette er eit arbeid som ikkje er avslutta, og som må vidareførast i 2016 for at det skal få full effekt. Det same gjeld eksterne møter. Her handlar det for det meiste om å ta val om kven ein skal møte, kor lenge møta skal vare og korleis møta skal følgjast opp i etterkant.

Det siste området som vil frigjere tid til oppgåver knytt til samfunnsoppdraget, er å få betre kunnskap om arkiv i administrasjonsgruppa. Vi ser at heilskapen i arkivarbeidet heng tett saman med kor effektivt ein kan arbeide med dei viktigaste oppgåvene. Dette gjeld både kompetansen i arkivgruppa og kompetansen i arbeidet rådgjevarane gjer i Public 360. Eit døme på eit område med klare effektar er det å raskt kunne finne fram til viktige dokument i ein arbeidsprosess. Arbeidet med arkivkunnskap og å gjere alle rutinar meir effektive held fram i 2016.

Barneombodet vil framleis peike på at dei største tidstjuvane som tek tid frå viktige samfunnsoppgåver kjem frå eksterne verksemder, og ikkje frå eigen organisasjon. Også i 2015 ser vi at arbeidet med interne tidstjuvar i verksemda er naudsynt for å gje plass til arbeidet med tidstjuvar som kjem frå eksterne. Dei same forholda som vi peika på i 2014, gjeld også for 2015. Omorganiseringa i DFØ har til dømes ført til at vi ikkje lenger har ein kundebehandlar som kjenner oss, og dette set større krav til vår kompetanse på alle område innanfor økonomiforvaltninga. Dette gir oss økt tidsbruk. Ein annan tidstjuv er krava om dokumentasjon på ei rekkje område som sikkert er tenlege i store verksemder og departement, men som synest overdimensjonerte i ei lita verksemd som Barneombodet. Det kan vere krav til beredskapsplanar, krav til analyser av risiko og tiltaksplanar og så vidare. Det er ikkje slik at Barneombodet meiner dette ikkje er naudsynte krav, men det må finnast andre måtar å løyse dette på i verksemder der ressursane til administrasjon er avgrensa. Noko som kunne frigjere tid er å fleire fellesløysingar på tvers av verksemder under same departement, eller at departementet varetar enkelte oppgåver for sine underliggende verksemder.

Konsekvensane av auka krav og felles føringar er at meir tid enn det vi ynskjer blir bundne opp i administrative oppgåver, og blir tatt bort frå Barneombodet sin jobb med å løyse samfunnsoppdraget.

Risikovurderingar

Barneombodet gjennomfører vurderingar av risiko ein gong i kvartalet. Dei områda som ligg til grunn for vurdering av risiko er

- personalsituasjonen
- økonomi
- faglege oppgåver
- administrative oppgåver
- ulike ytre forhold som påverkar drifta av verksemda

Resultatet av årets vurdering av risiko ligg ved årsrapporten til BLD som eit eige dokument.

Personalforvaltning og internkontroll

Barneombodet utarbeidde lokalt tilpassa mål og innhald i IA-avtalen våren 2015.

Hovudmåla frå førre avtaleperiode vart ført vidare og godkjende av NAV og tillitsvalde.

Desse måla er

- å skape eit meir inkluderande arbeidsliv til beste for den einkilde arbeidstakaren, arbeidsplass og samfunnet
- å redusere sjukefråvær og uføretrygd
- å syte for at ressursane og arbeidsevna til den enkelte medarbeidar skal bli utvikla og nytta i aktivt arbeid

Det mest konkrete i IA-avtalen for tilsette hos Barneombodet er framleis retten til 24 dagar eigenmelding, og moglegheita vi har til å søkje tilretteleggingstilskot. Vidare er det utarbeidd rutinar for oppfølging av den enkelte ved sjukefråvær. Desse rutinane er tilgjengelege via personalhandboka i Compendia. (www.compendiapersonal.no)

Det er vidare eit personalpolitisk mål at tilsette hos Barneombodet skal ha gode moglegheiter for fagleg og personleg utvikling. Barneombodet skal inspirere dei tilsette til også sjølv å ta initiativ til eiga utvikling. Ein plan for kompetanseheving er vart utarbeidd i 2014, og deler av denne vart implementera i 2015. Planen er baserte på individuelle ønske om utvikling og behovet til kontoret, og omfattar både interne og eksterne tiltak. Som omtala tidlegare i årsmeldinga, gjorde vi erfaringar med planen i 2015 som gjer det naudsynt med endringar i 2016.

Når det gjeld tiltak for å vareta tilsette som av ulike årsaker er i spesielle fasar i livet, søker Barneombodet å ha ein aktiv politikk på dette området. Dette gjeld både menn og kvinner med særlege omsorgsoppgåver, og eldre arbeidstakarar. Vi søker aktivt å legge til rette for at for eksempel omsorg for små barn ikkje skal vere eit hinder for utviklinga av fag og karriere i verksemda. Dette gjer vi gjennom fleksible arbeidstidsordningar innanfor regelverket, ved tilrettelegging for at barn kan vere med på kontoret, og gjennom aktiv og fleksibel bruk av gjeldande permisjonsordningar, ferie og fridagar.

I 2015 har vi endra opplegget for medarbeidarsamtaler. Tidlegare var det barneombodet sjølv som hadde samtalanene, saman med nærmaste leiar. No er det nærmaste leiar som har

samtalane, og som følgjer opp med tiltak i etterhand. Dei tre leiarane lagar ein felles handlingsplan for oppfølging etter medarbeidersamtalene, og fordelar roller og oppgåver. Alle tilsette vert oppmoda om å snakke med barnombodet dersom dei har saker dei ikkje ønskjer å ta opp med nærmaste leiar. Dei tilsette har også moglegheit til å be om fleire medarbeidersamtalar enn dei faste.

IA-avtalen og sjukefråvær

Sjukefråværet hos Barneombodet er lågt (sjå tabellen under), og vi har derfor eit fokus på å halde dette så lågt som no. For 2015 er fråvær grunna sjukmelding halvert. Fråvær grunna eigenmelding er uendra.

Aktivitets- og greigjeringsplikter

Ifølgje rettleiaren frå FAD blir det operert med 4 ulike diskrimineringsgrunnlag som er omfatta av aktivitets- og greigjeringsplikta: kjønn, etnisitet, religiøs tilhøyrse og livssyn og nedsette funksjonsevner.

Barneombodet har gjennom fleire år hatt eit overtal av kvinnelege arbeidstakarar. Pr. 31.12.15 var vi 21,1% prosent menn mot 78,9% prosent kvinner. Av desse er ein mann og tre kvinner i leiinga. Vi har arbeidd aktivt for å skape betre balanse når det gjeld kjønn, noko som har vist seg vanskeleg. Av kvalifiserte søkjarar i 2015 er fleirtalet kvinner. Til to stillingar hausten 2015 var det 127 søkjarar. Av desse var det 20 menn og 107 kvinner.

I dag har Barneombodet ingen forskjellar i lønn som kan knytast til kjønn, verken i leiargruppa eller i fagstaben. Ved tilsettingar arbeider vi aktivt for å finne lønnsnivå som samsvarar med erfaring og kompetanse, og som bidrar til likeverd mellom kjønna i lønnsmassen.

10 % av dei tilsette på kontoret har ikkje-vestleg bakgrunn.

Vi har ikkje lukkast med å rekruttere arbeidstakarar med funksjonsnedsetjing. Dels heng dette saman med at vi er et kontor med låg «turn-over», og dels at personer med funksjonsnedsetjing ikkje er å finne blant dei aktuelle søkjarane til stillingar.

Barneombodet er ei verksemd som skal arbeide for alle barnerettane i samfunnet. Vi må derfor vere opne i rekrutteringsarbeidet for å sikre like rettar for søkjarar som bidreg til å spegle mangfaldet som er blant barn og unge. Dette gjeld både LHBT-personar, personar med annan etnisk bakgrunn enn norsk, og personar med funksjonsnedsetjingar.

Vi har pr. i dag ingen andre aktive tiltak å setje inn enn å oppmode til eit mangfald av søkjarar gjennom utlysningar, og eit pågåande internt haldningsskapande arbeid blant dei tilsette.

HMS/arbeidsmiljø

Barneombodet laga ferdig ei elektronisk HMS-handbok og personalhandbok i 2014. I tillegg laga vi rutinar for beredskap. I 2015 er både HMS- handboka og personalhandboka utvikla vidare og supplert. Dei tilsette har fått gjennomgangar av ulike deler av HMS- og personalhandboka gjennom året.

Barneombodet har eit lågt sjukefråvær (sjå punkt på førre side). I 2015 har vi ein turnover på 11%. Dette er noko høgare enn vi er vande med hos Barneombodet. I 2015 gjennomførte vi igjen ei medarbeidarundersøking . Denne undersøkinga var som tidlegare eit supplement til vanleg vernerunde og medarbeidarsamtalene. Resultata av undersøkinga viste at medarbeidarar generelt var nøgde med arbeidsmiljøet, men at det på nokre område var ønskeleg med forbetringar. Det var mogleg å tolke resultata som ei betring samanlikna med resultata frå 2014. Arbeidet med å halde fast ved dei gode sidene ved arbeidsmiljøet, og å betre dei som ikkje var gode nok, har leiinga jobba med i 2015 og inn i 2016. Dei ulike avdelingane kjem til å jobbe vidare med resultata frå arbeidsmiljøundersøkinga, og vi har laga handlingsplanar for korleis vi skal handtere arbeidet.

Resultata frå vernerunden i januar 2015 syner at medarbeidarane no har fått ein betre arbeidsplass når det gjeld ergonomi. Tiltak etter vernerunden i januar 2015 er sette i verk.

Sosiale omsyn i offentlege innkjøp og avtalar

Barneombodet er kjent med det særlege ansvaret som kviler på ei offentlig verksemd når det gjeld å førebygge mellom anna brot på arbeidsmiljølova og sosial dumping. Vi har ikkje gjort innkjøp der det kan være høg risiko for brot på grunnleggande menneske- og arbeidstakarrettar i 2015.

Sikkerheit og beredskap

Vi har i 2015 gjort ei forenkla analyse av risiko og sårbarhet som er tilpassa verksemda, ved å bruke same metode som ved risikovurderinga av det faglege arbeidet hos Barneombodet. I samband med dette evaluerte vi også beredskapsplanen vår. Eit område som ikkje var dekkja av beredskapsplanen, var hendingar som kan skje på reiser. Vi er på reiser både i utlandet og rundt i norske kommunar med bil og campingvogn. Eit resultat av risikovurderinga var at vi no har laga ein kortversjon av beredskapsplanen i ein kombinasjon med ein kommunikasjonsplan. Planen er delt ut til kvar av dei tilsette, og ligg på framsida av intranettet til Barneombodet. Alle tilsette har i tillegg fått tilgang til intranett og beredskapsplanar via mobiltelefon eller nettbrett. Vi vurderer at dei tiltaka som er sette i verk både kan verke førebyggjande og redusere mogleg skade. Vi har ikkje gjort andre endringar enn dette i beredskapsplanen i 2015, og departementet har tidlegare motteke den samla beredskapsplanen frå Barneombodet.

I samband med risikovurderinga og gjennomgangen av beredskapsplanen vart dei tilsette drilla i rutine i ei såkalla «table top»-øving. Barneombodet finn det ikkje tenleg med ei eiga kriseøving når vi mange gonger kvart år øver på evakuering av lokala. Ei kriseøving utover dette handlar mest om å følgje dei meldingane som kjem frå leiinga ved ein eventuell krise. Slike øvingar kan ein best gjere ved å gå gjennom prosedyrar med jamne mellomrom. Dette heng også saman med at Barneombodet er ei rein kontorbedrift. Vi har gode sikringsrutinar for å kome inn i lokala. Vi har i liten grad direkte «kundekontakt». Den mest vesentlege utfordringa når det gjeld sikkerheit er derfor knytt til brannberedskap, og beredskap mot terror og andre kriser. Vi har ein tilsett med ansvar for brannvern og ein vara, slik at ansvarsforholda er avklarte. Vi øver ofte på å evakuere lokala ved at gardeigaren arrangerer jamlege brannøvingar. Heile organisasjonen har gjennomført oppfrisking av førstehjelpskurs og kurs i bruk av hjartestartar. Vi har hjartestartar i lokala. Nytt kurs er på planen i 2016. Sikkerheit og beredskap er vidare forankra i HMS-arbeidet, der leiinga arbeider tett opp mot verneombodet. Når det gjeld datasikring, er dette varetatt gjennom trygge avtaler med eit eksternt firma, der maskinpark, system og data er lagra utanfor kontoret (sjå neste punkt).

Rutinane våre for beredskap er ein del av HMS-handboka. Dei er laga på grunnlag av dei malane som har vore tilgjengelege på plattformen Compendia. Beredskapsplanen inneheld rutinar for varsling, etablering av kriseteam, informasjon, omsorg og fordeling av ansvar og oppgåver. Ny plan for kommunikasjon ved krise er delt ut til alle tilsette, og dei har tilgang til beredskapsplanen via mobiltelefon.

Informasjonssikkerheit

Barneombodet har i 2015 evaluert sikkerheit og behandling av personopplysningar i samarbeid med vår IT-leverandør Intility AS. Vi underteikna også ei ny databehandlaravtale med Intility AS i 2015. Vår avtale med Intility AS gjer at styringssystema for dei tekniske delane (databehandling) av informasjonssikkerheita er tatt vare på av dei. I møter med Intility AS i 2015, og gjennomgang av dokumentasjonen, har Barneombodet vurdert dei standardane som ligg til grunn for arbeidet med styring og informasjonssikkerheit i Intility AS. Vi meiner dette tilfredsstillar krava i blant anna eForvaltningsforskrifta § 15, og dei krava som blir stilt i personopplysningslova og personopplysningsforskrifta, mellom anna personopplysningslova § 13-15 med forskrifter. Barneombodet planlegg å gjennomføre ein sikkerheitsrevisjon av systema, med gjennomgang av rutinar, stikkprøvar og moglege stadlege kontrollar i 2016. Dette er eit oppdrag som vert avtala med Intility AS.

Dei rutine som utgjer styringssystemet for informasjonssikkerheita på kontoret til Barneombodet, administrasjon av tilgangar og dei menneskelege delane av arbeidet med informasjonssikkerheit, er tatt vare på gjennom dei rutine som er laga internt. I samband med utvikling av nye prosedyrar i Barneombodets arkivprosjekt, skal vi dessutan vurdere

fortløpande behov for nye rutinar for å sikre oss mot brot på reglar om behandling av sensitiv informasjon.

Rutinar for varsling

Rutinar for varsling ved moglege kriser eller hendingar er ein del av beredskapsplanen til Barneombodet. Vi vurderer at dei fungerer tilfredsstillande. Når det gjeld anna varsling, er dette no ein del av personalhandboka som ligg på dei interne nettsidene våre. Her står det mellom anna: «Dersom arbeidstakaren blir merksam på kritikkverdige forhold i verksemda, har han rett til å varsle om dette, jf. arbeidsmiljøloven § 2-4. Med kritikkverdige forhold meiner vi brot på lovreglar, interne retningslinjer og instruksar, eller brot på allmenn oppfatning av kva som er forsvarleg eller etisk akseptabelt. Eksempel på dette kan være trakassering, mobbing, rusmisbruk, tjuveri, økonomisk utruskap, diskriminering etc.»

V. Vurdering av framtidsutsikter

Barneombodet er ei lita verksemd med eit stort samfunnsoppdrag. Vi opplever å bli sett på som truverdig både hos dei som tar avgjerder og i befolkninga generelt. Sjølv om Noreg er eit bra land å vakse opp i for barn, har Barneombodet ei viktig rolle i å overvake at barnerettane blir oppfylte på ulike samfunnsområde, og dette oppdraget vil være viktig også i åra framover.

Dei fleste område Barneombodet no arbeider med, krev innsats over fleire år. Dette gjeld område som mobbing i skule og barnehage, vald og seksuelle overgrep mot barn og unge, barnerettane i barnevern og psykisk helsevern, i kommunehelsetenesta og på sjukehus, og barn og unge som representerer ulike minoritetar i samfunnet.

Ei av dei utfordringane Barneombodet framleis har, er usikre prognosar for overføringar frå Kunnskapsdepartementet (KD). Om den negative utviklinga på overført budsjett frå BLD fell saman med at midlar frå KD ikkje kjem, er Barneombodet nøydd til å redusere talet på tilsette.

Ein annan konsekvens av usikre prognosar er at vi allereie i 2016 går nøye gjennom korleis vi kan redusere utgifter, utan at dette skal gå for mykje ut over det faglege arbeidet for barn og unge og deira rettar dette året. For 2017 kan dette sjå annleis ut, og aktivitetar som krev reise og opphald - og større prosjekt - må vurderast nøyare.

Våren 2017 skal vi avslutte eit prosjekt om barn med funksjonsnedsettingar. Arbeidet med å følgje opp anbefalingar frå denne rapporten vil gå føre seg i 2017 og 2018. Samstundes startar vi eit nytt stort prosjekt i slutten av 2016 og starten av 2017 som handlar om vald mot barn. Dette prosjektet vert det siste i perioden til det noverande barneombodet, og rapporten vert lansert våren 2018.

Prosjektet om å fremje ordningar som liknar barneombodet i ODA-land held fram i 2016, etter at 2015 var eit prøveprosjekt. Prosjektet blir finansiert av Utanriksdepartementet.

«Barneombussen» og den direkte kontakten med barn og unge er ei viktig oppgåve for Barneombodet også i 2016. Vi besøker Aust-Agder og Nordland våren 2016, og arbeider med å vidareutvikle konseptet med «Barneombussen» når vi har besøkt alle fylka i Noreg.

Vi er framleis uroa over den manglande tilgang barn har til å klage på brot på rettane sine. FNs barnekomité har tilrådd at barn skal ha individuell moglegheit til å klage til ein nasjonal klageinstans, og har anbefalt at dette blir lagt til Barneombodet. Mange barneombod eller liknande institusjonar i andre land har i dag moglegheit til å behandle klager i enkeltsaker. Vi er positive til ei eventuell endring i vårt mandat, dersom ei slik ordning også blir innført i Noreg.

VI. Årsrekneskap

Kommentar frå barneombodet til årsrekneskapen 2015

Føremål

Barneombodet vart oppretta i 1981, og er administrativt underlagt Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet. Verksemda fører rekneskap i samsvar med kontantprinsippet, slik det går fram av prinsippnoten til årsrekneskapen. Kontoret er oppretta ved lov, som eit uavhengig organ for å vareta barn og unge sine interesser. Årsrekneskapen utgjer del VI i årsrapporten til Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet.

Stadfesting

Årsrekneskapen er avslutta i fylgje bestemmingar om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet i instruks om økonomistyring. Eg meiner rekneskapen gir eit dekkande bilde av dei disponible beviljingane, dei regnskapsførte utgiftene, inntektene, eigendelane og gjelda til Barneombodet.

Vurdering av vesentlige forhold

I 2015 har kontoret samla disponert tildelingar på kr 14 186 000, og i tillegg motteke fire belastningsfullmakter - ei på kr 2 600 000 frå Kunnskapsdepartementet, to på til saman kr 933 500 frå Utanriksdepartementet og ei frå Likestillings- og diskrimineringsnemnda på kr 44 000. Vi viser til bevillingsrapporteringa og notane A og B. Mindreutgifta på post 01 driftsutgifter vart kr 532 292 inkl. kr 3 043 i inntekter frå royalties som vi søker om å overføre til neste år på post 01 i fylgje berekningar i note B.

1.1.2015 vart nettoføringsordninga for budsjettering og regnskapsføring av meirverdiavgift i statsforvaltninga innført. Barneombodets budsjett blei redusert med kr 603 000, mens rekneskapen viser at det ble kompensert for kr 534 742. I artskontorrapporteringa er rekneskapstal for 2015 oppgitt eksklusive mva mens 2014-tall er oppgitt inklusive mva. I praksis gjeld det rekneskapstala for «Andre utbetalningar til drift» (Note 3) og «Utbetaling til investeringar» (Note 4).

Artskontorrapporteringa viser at netto rapporterte driftsutgifter summerte seg til kr 17 141 020. Av dette er inntekter kr 3 043. Tilsvarende tall for 2014 var kr 16 502 590 og kr 2 063. Utgifter til lønn utgjorde kr 12 191 293, mot kr 11 269 861 året før. Lønnsdelen av driftsutgiftene er 71,1 %, opp frå 68,3 % året før. Talet på årsverk er 17,2, opp 0,6 frå 2014. Auken heng saman med ein auke i totale årsverk, men også verknadane av det lokale lønnsoppgjøret hausten 2014. Vi forventar ein auke også framover, blant anna fordi arbeidsmengda gjer bruk av ekstrahjelp naudsynt for ikkje å overbelaste arbeidsstokken.

Vi har finansiert oppgraderinga av systemet for elektronisk arkiv- og saksbehandling over det laupande budsjettet, bl.a. ved å redusere kostnadane på andre område.

Kostnadane til reiser og diett auka med om lag kr 115 000 til kr 767 000. Totalsummen fordeler seg med kr 206 000 på UD-prosjekta, kr 285 000 i samband med psykososialt skulemiljø og kr 276 000 på anna reiseverksemd hos Barneombodet.

Det vart i 2015 utbetalt kr 75 178 til investeringar mot kr 390 383 året før. Det er forventa ein auke igjen dei neste åra, når IKT-utstyr må fornyast.

Mellomverande med statskassa utgjorde per 31.12.2015 kr 447 813. Oppstillinga av artskontorrapporteringa viser kva eigendelar og gjeld mellomverande består av.

Tilleggsopplysningar

Riksrevisjonen er ekstern revisor, og bekreftar rekneskapen for Barneombodet.

Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per d.d., men vi går ut frå at revisjonsrapporten kjem i løpet av 2. kvartal 2016. Rapporten er unntatt offentlegheit fram til Stortinget har mottatt Dokument 1 frå Riksrevisjonen, men vil bli publisert på nettsidene til Barneombodet så snart dokumentet er offentleg.

Oslo, 1. mars 2016



Anne Lindboe
barneombod

Prinsippnote til årsrekneskapen 2015

Årsrekneskapen for Barneombudet er utarbeidd og avlagt etter nærmare retningslinjer fastsett i bestemmingar om økonomistyring i staten ("bestemmingar"). Årsrekneskapen er i følgje krava i bestemmingane punkt 3.4.1, nærmare bestemmingar i Finansdepartementets rundskriv R-115 av november 2015 og eventuelle tilleggskrav fastsett av overordna departement.

Oppstillinga av bevillingsrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i bestemmingane punkt 3.4.2 – de grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- a) Rekneskapen følgjer kalenderåret.
- b) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for regnskapsåret.
- c) Utgifter og inntekter er ført i rekneskapen med brutto beløp.
- d) Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.

Oppstillingane av bevillings- og artskontorrapporteringa er utarbeidd etter dei same prinsippa, men gruppert etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarar med krava i bestemmingane punkt 3.5 til korleis verksemdene rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til bevillingsrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Verksemda er tilknytt statens konsernkontoordning i Norges Bank i følgje krav i bestemmingane. pkt. 3.7.1. bruttobudsjetterte verksemder blir ikkje tilført likviditet gjennom året, men har rett til å trekkje på sin konsernkonto. Ved slutten av året blir saldoen nullstilt på den enkelte oppgjerskonto ved overgangen til eit nytt år.

Bevillingsrapporteringa

Oppstillinga av bevillingsrapporteringa omfattar ein øvre del med bevillingsrapporteringa og ein nedre del som viser behaldningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Bevillingsrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen. Det vert stilt opp etter dei kapitla og postane i bevillingsrekneskapen verksemda har fullmakt til å disponere. Kolonnen samla tildeling viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle dei finansielle eigendelane og forpliktingane verksemda står oppført med i statens kapitalrekneskap.

Mottatte fullmakter til å belaste kapittel/post for ei anna verksemd (belastningsfullmakter) står ikkje i kolonnen for samla tildeling, men er omtalt i note B til bevillingsoppstillinga. Utgiftene knytt til mottatte belastningsfullmakter er bokført og rapportert til statsrekneskapen, og står i kolonnen for rekneskap.

Gjevne belastningsfullmakter er inkludert i kolonnen for samla tildeling, men blir bokført og skal ikkje rapporterast til statsrekneskapen frå verksemda sjølv. Gjevne belastningsfullmakter blir bokført og rapportert av verksemda som har mottatt belastningsfullmakta og står derfor ikkje i kolonnen for rekneskap. Dei gjevne fullmaktene kjem fram i note B til bevillingsoppstillinga.

Artskontorrapporteringa

Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder og ein nedre del som viser eigendeler og gjeld som inngår i mellomverande med statskassen.

Artskontorrapporteringa viser rekneskapstal verksemda har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Verksemda har trekkrettar på konsernkonto i Norges Bank. Tildelingane er ikkje inntektsført og derfor ikkje vist som inntekt i oppstillinga.

Oppstilling av bevilgningsrapportering, 31.12.2015							
Utgiftskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samlet tildeling	Regnskap 2015	Merutgift (-) og mindregift
0850	Driftsutgifter	01	Driftsutgifter	A, B	14 186 000	13 656 751	529 249
0163	Menneskerettigheter	72	Tilskudd	B		934 599	
0226	Særskilte driftsutgifter	21	Spesielle driftsutgifter	B		2 588 046	
0843	Belastning LDN (Wilhelm Berg)	01	Driftsutgifter	B		39 845	
1633	Nettoordning for mva i staten	01	Driftsutgifter			534 742	
<i>Sum utgiftsført</i>					14 186 000	17 753 983	
Inntektskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst		Samlet tildeling	Regnskap 2015	Merinntekt og mindreinntekt (-)
3850	Diverse inntekter	01	Driftsinntekter	B		3 043	3 043
5309	Tilfeldige inntekter, ymse	29	Ymse			23 509	
5700	Arbeidsgiveravgift	72	Arbeidsgiveravgift			1 498 617	
<i>Sum inntektsført</i>					0	1 525 169	
<i>Netto rapportert til bevilgningsregnskapet</i>						16 228 814	
Kapitalkontoer							
60049001	Norges Bank KK /innbetalinger					352 770	
60049002	Norges Bank KK/utbetalinger					-16 616 595	
708050	Endring i mellomværende med statskassen					35 011	
<i>Sum rapportert</i>						0	
Beholdninger rapportert til kapitalregnskapet (31.12)							
Konto	Tekst		2015	2014	Endring		
708050	Mellomværende med statskassen		-447 813	-482 824	35 011		

Note A Forklaring av samlet tildeling utgifter			
Kapittel og post	Overført fra i fjor	Årets tildelinger	Samlet tildeling
0850 01	515 000	13 671 000	14 186 000

Note B Forklaring til brukte fullmakter og beregning av mulig overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Merutgift(-)/ mindre utgift	Utgiftsført av andre i hht avgitte belastningsfullmakter (-)	Merutgift(-)/ mindre utgift etter avgitte belastningsfullmakter	Merinntekter / mindreinntekter(-) iht merinntektsfullmakt (justert for eventuell mva.)	Omdisponering fra post 01 til 45 eller til post 01/21 fra neste års bevilgning	Innsparinger(-)	Sum grunnlag for overføring	Maks. overførbart beløp	Mulig overførbart beløp beregnet av virksomheten
0850 01		529 249		529 249	3 043			532 292	709 300	532 292
0226 21		11 954		11 954	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell		
0163 72		-1 099		-1 099	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell		
0843 01		4 155		4 155	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell		

Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

Mottatte belastningsfullmakter

Kapittel og post 0226 21: Barneombudet har i tildelingsbrevet fra Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet fått stilt til disposisjon en bevilgning på kr 2 600 000 fra Kunnskapsdepartementet.

Kapittel og post 0163 72: Belastningsfullmakter stilt til disposisjon fra Utenriksdepartementet på tilsammen kr 933 500.

Kapittel og post 0843 01: Belastningsfullmakt fra Likestillings- og diskrimineringsnemnda på kr 44 000.

Fullmakt til å overskride driftsbevilgninger mot tils varende merinntekter

Royaltyinntekter fra boksalg samt for skriving av kapittel i fagbok.

Mulig overførbart beløp

Beløpet vil bli vurdert av Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet før eventuell overføring til 2016.

Oppstilling av artskontorrapporteringen, 31.12.2015

	Note	2015	2014
Driftsinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Salgs- og leieinntekter	1	3 043	2 063
<i>Sum inntekter fra drift</i>		3 043	2 063
Driftsutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Utbetalinger til lønn	2	12 191 293	11 269 861
Andre utbetalinger til drift	3	4 952 770	5 234 792
<i>Sum utbetalinger til drift</i>		17 144 063	16 504 653
Netto rapporterte driftsutgifter		17 141 020	16 502 590
Investerings- og finansinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Innbetaling av finansinntekter		0	0
<i>Sum investerings- og finansinntekter</i>		0	0
Investerings- og finansutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Utbetaling til investeringer	4	75 178	390 383
<i>Sum investerings- og finansutgifter</i>		75 178	390 383
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		75 178	390 383
Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten			
Innbetaling av skatter, avgifter, gebyrer m.m,		0	0
<i>Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten</i>		0	0
Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten			
Utbetalinger av tilskudd og stønader		0	0
<i>Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten</i>		0	0
Inntekter og utgifter rapportert på felleskapitler			
Grupplivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		23 509	21 757
Arbeidsgiveravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		1 498 617	1 381 141
Nettoføringsordning for merverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		-534 742	0
<i>Sum rapporterte utgifter på felleskapitler</i>		987 384	1 402 898
Netto rapportert til bevilgningsregnskapet		16 228 814	15 490 075
Oversikt over mellomværende med statskassen			
Eiendeler og gjeld			
Skyldig skattetrekk		-438 678	-484 855
Skyldige offentlige avgifter		-9 704	0
Annen gjeld		569	2 031
Sum mellomværende med statskassen	5	-447 813	-482 824

Note 1 Innbetalinger fra drift

	31.12.2015	31.12.2014
<i>Innbetalinger fra gebyrer</i>		
Sum innbetalinger fra gebyrer	0	0
<i>Innbetalinger fra tilskudd og overføringer</i>		
Sum innbetalinger fra tilskudd og overføringer	0	0
<i>Salgs- og leieinnbetalinger</i>		
Salgsinntekt tjenester, utenfor avgiftsområdet	3 043	2 063
Sum salgs- og leieinnbetalinger	3 043	2 063
<i>Andre innbetalinger</i>		
Sum andre innbetalinger	0	0
Sum innbetalinger fra drift	3 043	2 063

Note 2 Utbetalinger til lønn

	31.12.2015	31.12.2014
Lønn	10 777 729	9 780 336
Arbeidsgiveravgift	1 498 617	1 381 141
Sykepenger og andre refusjoner(-)	-258 923	-43 545
Andre ytelser	173 869	151 929
Sum utbetalinger til lønn	12 191 293	11 269 861
Antall årsverk:	17,2	16,6

Note 3 Andre utbetalinger til drift

	31.12.2015	31.12.2014
Husleie	1 939 824	1 938 397
Vedlikehold egne bygg og anlegg	0	0
Vedlikehold og ombygging av leide lokaler	3 128	358
Andre utgifter til drift av eiendom og lokaler	153 449	200 095
Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr mv.	21 280	78 121
Mindre utstyrsanskaffelser	16 975	53 301
Leie av maskiner, inventar og lignende	203 339	132 230
Kjøp av fremmede tjenester	964 915	1 055 467
Reiser og diett	767 179	652 204
Øvrige driftsutgifter	882 681	1 124 619
Sum andre utbetalinger til drift	4 952 770	5 234 792

Note 4 Utbetaling til investeringer og kjøp av aksjer

	31.12.2015	31.12.2014
<i>Utbetaling til investeringer</i>		
Immaterielle eiendeler og lignende	0	0
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	0	0
Beredskapsanskaffelser	0	0
Infrastruktureiendeler	0	0
Maskiner og transportmidler	0	0
Driftsløsøre, inventar, verktøy og lignende	75 178	390 383
Sum utbetalt til investeringer	75 178	390 383

<i>Utbetaling til kjøp av aksjer</i>		
Kapitalinnskudd	0	0
Obligasjoner	0	0
Investeringer i aksjer og andeler	0	0
Sum utbetalt til kjøp av aksjer	0	0

Note 5 Sammenheng mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen

Del A Forskjellen mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen

	31.12.2015 Spesifisering av <u>bokført</u> avregning med statskassen	31.12.2015 Spesifisering av <u>rapportert</u> mellomværende med statskassen	Forskjell
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler	0	0	0
Obligasjoner	0		
<i>Sum</i>	0	0	0
Omløpsmidler			
Kundefordringer	0	0	0
Andre fordringer	0	0	0
Bankinnskudd, kontanter og lignende	0	0	0
<i>Sum</i>	0	0	0
Langsiktig gjeld			
Annen langsiktig gjeld	0	0	0
<i>Sum</i>	0	0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	0	0	0
Skyldig skattetrekk	-438 678	-438 678	0
Skyldige offentlige avgifter	-9 704	-9 704	0
Annen kortsiktig gjeld	569	569	0
<i>Sum</i>	-447 813	-447 813	0
Sum	-447 813	-447 813	0